
Saksnr: 2020/77152-27
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 29.03.2021

Til: Fylkesrådmannen
Fylkesutvalet v/Jon Askeland

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om universell utforming i det nye fylkesbygget

I møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 24.03.2021 var PS 5/21 «Uttale til fylkesutvalet og fylkesrådmannen» satt på sakslista til møtet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gir følgjande uttale:

Universell utforming i det nye fylkesbygget

RMNF viser til orientering om nytt fylkesbygg gitt i møte 24. mars.

Dersom ein held fast på løysinga med amfi i tingsalen, må ein sikre betre tilgjenge for t.d. rullestolbrukarar. Det framstår ikkje som ei god nok ordning at politiske grupper med rørslehemma medlemmer skal sitte enten framme eller bak. Og dersom ein sitt bak, vil den som skal på talarstolen måtte køyre via galleri og eit anna rom for å kome til og frå talarstolen. Det er ikkje tilfredsstillande! Vi ber om at ein vurderer ei løysing med skråplan med stigning som er ok for rullestol, dersom ein held på amfi.

Det er heller ikkje akseptabelt at ein i praksis stenger for at tilsette med rørslehemming kan arbeide i videoredigeringsrommet.

Ein må sikre at det er plass nok (snusirkklar) for rullestol alle stader.

Rådet er også oppteken av at tilbode tilfredsstillende behova til høyrselshemma og synshemma, både for skiltplan og kontrast-fargeval/ledelinjer. RMNF ber om å bli høyrte i det vidare arbeidet og om den universelle utforminga.

Med helsing

Trude Brosvik, nestleiar
rådet for menneske med nedsett funksjonsevne